

Fleir bruk i nye og gamle rekreasjonsområde i Gloppen

- Notat frå case-studie i Gloppen kommune



Forord

VESTLANDSFORSKING

Kommunane Luster, Sogndal og Gloppen har vore med i eit treåring forsking- og utviklingsprosjekt om korleis ulike grupper kan bruke den same utmarka. Kommunane og dei ulike brukargruppene i utmarka iverksette ulike verkemidlar for å koordinere ferdsla i populære delar av utmarka. Vestlandsforskning vurderte effektane av verkemidla på sameksistensen mellom ulike aktivitetar og brukargrupper.

Prosjekteigar har vore Sogndal kommune. Prosjektet er finansiert av Regionalt forskingsfond Vestlandet i lag med kommunane.

Denne delrapporten oppsummerar resultata frå forskinga i Gloppen kommune frå hausten 2016 til våren 2019. Takk til Gloppen kommune, nøkkelinformantar, og lag og organisasjonar for samarbeidet i prosjektet.

Sogndal, 30.10.19

Eivind Brendehaug
Prosjektleiar

Innholdsliste

<u>Bruksstruktur i utmarka</u>	s. 5
<u>Utfordringar og mål i Gloppen kommune.....</u>	s. 15
<u>Forskingsspørsmål</u>	s. 19
<u>Metode og datainnsamling</u>	s. 21
<u>Resultat</u>	s. 24
<u>Konklusjon</u>	s. 37

Bruksstruktur i utmarka



VESTLANDSFORSKING

Caseområda i Gloppen

Trivselsskogen


Tystadstølen/Haugsvarden

Vereideskogen



Trivselsskogen

TRIVSELSSKOGEN STIKART MED AKTIVITETSPLASSERING



Trivselsskogen

Dagens bruk

- Eit sti- og turløypenett under utvikling (byrja i 2016) i gåavstand til Sandane sentrum.
- Tilrettelagt med skilta grusa-/flisa veg og sti, dagsturhytte, rastepllassar, kjærleiksskog, utsiktspunkt, tretopphytter, sherpatrapper, hundetreningssområde, lyktestolpar og TIN-camp (Trygg i naturen) som inkluderer fleire overnattingsmogelegheiter (telt, gapahuk, hengekøye), rastepllassar, bålpllassar og amfi for fleire hundre personar. Til sist ein utsiktsrampe ved Holvikfossen som truleg vert ferdigstilt i 2019.
- Fleire private grunneigarar.
- Lågterskel tilbod for innbyggjarar, barnehagar og skular, organisasjonar, tilreisande og reiselivsbedrifter. I hovudsak brukt til korte gåturar og treningsturar opptil 3 timer. I aukande grad brukt til undervisning, ekskursjonar og arrangement. Alle aldersgrupper er godt representert.
- Mest brukt sommarhalvåret, men også brukt jamt på vinterhalvåret.
- Utbygd og drifta av dugnadsinnsats gjennom Trivselsskogen SA, eit andelslag der både private og bedrifter kjøper andelsposter for 1000 kr stykket.


Trivselsskogen

Endra bruk

- Frå berre nokre skogsvegar og enkelte stiar i 2015 er Trivselsskogen i dag tungt opparbeida.
- Det var lite grunneigarinteresser i området før utviklinga byrja. Grunneigarane inngjekk frivillig avtale med Trivselsskogen SA om opparbeiding, mot at dei beholdt sine rettar kring til dømes skogshogst og skogsvegar.
- Har vore stor vekst i bruk frå 2015 til i dag. Ca 13000 besøkande på Draumekvila (dagsturhytte) i 2017.
- Sandensarane i alle aldre og begge kjønn hevdar dei kjem seg oftare ut på tur pga Trivselsskogen (71% svara dette). Me kan ikkje sjå same effekt hjå respondentar som bur andre stader enn Sandane.



Tystadstølen/Haugsvarden



Tystadstølen/Haugsvarden

Dagens bruk

- Sti via Tystadstølen til Haugsvarden.
- Opparbeida ein eigen sykkelsti som leiar stisyklistar frå parkering og utanfor stølsområdet Tystadstølen. Ferdigstilt i 2016. Vandrestien går framleis gjennom stølsområdet. Felles sti vidare til Haugsvarden er stadvis opparbeida med ramper for sykling og vandring som skal skåne naturen for ferdsel. Skilta.
- Fleire private grunneigarar.
- Tilbod for innbyggjarar, folkehøgskulen og i aukande grad tilreisande og reiselivsbedrifter. Primære brukarar er turgårarar og stisyklistar. Sterke stølsinteresser i området.
- Bruk i sommarhalvåret
- Tilrettelegginga av sykkelstien er gjort av Nordfjord Grovsyklarlaug. Resten av stien er tilrettelagt av grovsyklarlauget i lag med lokalt idrettslag og folkehøgskulen på dugnad.

Tystadstølen/Haugsvarden

Endra bruk

- Tilrettelegginga byrja i 2015. Før 2015 var det vanleg sti og mindre parkeringsplass.
- Stølseigarar har vore plaga av den auka ferdelsen over stølsområdet, særleg frå lokale og tilreisande syklistar.
- Det har generelt vore ein gradvis auke av lokale og tilreisande turgårarar og syklistar. Frå juni til november i 2017 var det om lag 1750 turgårarar og 1100 syklistar som brukte stien.
- Turen har sporadisk blitt marknadsført i nasjonale media og av reiselivsaktørar, særleg retta mot stisyklistar.



Nordfjord Stisenter på Vereide



Nordfjord Stisenter på Vereide

Dagens bruk

- Stisykkelsenter planlagt i Masterplan for terrengsykling i Gloppen (2016), initiert av Gloppen kommune, utarbeida av Rekkje Stiutvikling.
- Opparbeidning av dedikerte stiar for sykling byrja i 2018. Første steg er nesten ferdigstilt, andre steg vert truleg påbyrja i 2019.
- Opplysningsvesenets fond er grunneigar.
- Tilbod for innbyggjarar, folkehøgskulen, tilreisande og reiselivsbedrifter. Brukargruppa er stisyklistar. Jaktinteresser på tilgrensande eigedommar.
- Truleg mest bruk i sommarhalvåret. Tidvis også vinterhalvåret dersom forholda ligg til rette.
- Tilrettelegginga vert gjennomført av Rekkje Stiutvikling på oppdrag frå kommunen. Folkehøgskulen bidreg med dugnadsinnsats i gjennomføringa. Til dels også Nordfjord Grovsyklarlaug.

Nordfjord Stisenter på Vereide

Endra bruk

- Stisykkelsenteret vart ikkje ferdig før prosjektslutt, bruksendring er difor ikkje registrert i prosjektet.
- Generelt har det vore ein auke av lokale stisyklistar, frå 4 i 2014 til 60-80 i 2016 (Kjelde: Lokal stisyklist)
- Nokre tilgrensande grunneigarar har vore bekymra for innverknaden stisenteret vil ha på hjort og andre dyr i området.




Utfordringar og mål i Gloppen kommune



VESTLANDSFORSKING

Mål

- 1) Utnytte tilgjengeret til naturen
 - 2) Få sambruk mellom fleire interessegrupper
 - 3) Gjere områda tilgjengelege for fleire folk
 - 4) Bygge berekraftig sti- og løypenett
- Eit hovudmål for kommunen er å gjere ting i riktig rekkefølgje, mellom anna basert på erfaringane frå stisykkelsatsinga i Sogndal.



Utfordringar

- Gloppen kommune har dei siste åra fått auga opp for sine eigne naturområde som attraksjon for opplevingar og ønskjer å betre tilrettelegginga for lokalbefolkning og tilreisande turistar. Stisykling skal bli Gloppen sitt svar på Sogndal sin laussnø. Samstundes ønskjer Gloppen å legge til rette for familievenlege vandreturar med låg terskel. Satsinga vert realisert i kraft av ein ambisiøs næringssjef i kommunen.
 - Eit viktig spørsmål som kommunen stod ovanfor ved prosjektstart var kor mykje tilrettelegging dei ulike brukargruppene ønskjer. Kommunen ønskte å få innsikt i kvar dei bør tilrettelegge og kor mykje dei bør tilrettelegge.
 - Kommunen hadde også nokre grunneigarutfordringar i forhold til utvikling av sykkelstiar.

VESTLANDSFORSKING

Utfordringar

- Grunneigarutfordringane i forhold til sykkel vart mindre viktig for kommunen undervegs i prosjektet på grunn av grunneigaravklaringar og endra fokus.
- Utfordringa med å sjå på tilrettelegging for bruk av utmark som eit nærings- og reiselivstiltak auka i løpet av prosjektperioden.
- Utfordringa med motstemmer og manglande forståing hjå politikarar i samband med utvikling og søknad om tilskot frå kommunen til Trivselsskogen auka i løpet av prosjektperioden.
- Nærtingssjefen sine to rollar som kommunalt tilsett og eldsjel i Trivselsskogen vart ein aukande utfordring i løpet av prosjektperioden.

FREDAG 18.

26

Ein næringssjef kan og vere ei eldsjel

■ Ordet fritt

I siste utgåva av Firda Tidend kan ein lese at Per Rune Vereide ynskjer å fylle tomme forretningslokaler, og ber næringssjefen bidra. I same andedrag nemmer han Trivselsskogen og arbeidet som næringssjefen har lagt ned her, og håper at den same næringssjefen no vil drive seg rundt med minst like stort engasjement i arbeidet med å fylle dei nemnde lokalene.

Det føler vi oss trygge på at næringssjefen og andre gjer. Næringsjefen har lagt ned eit stort arbeid for å marknadsføre Trivselsskogen som den attraksjonen den er for tilresande, turistar, besøkande og ikke minst handlende på Sandane og i Gloppe. Dette arbeidet gir han som næringssjef. Fordi han er oppdeken av å få folk til å kome til Gloppe, busejer seg her, trivast her, handle her. Og sjølvså har næringssjefen eit stort engasjement for Trivselsskogen. Det skulle berre mangle – det var jo hans idé! Ein idé som oppsto etter ein studietur i Skottland for nokre år sidan i regi av sin arbeidsgiver Gloppe

Kommune. At han nyttar litt av si arbeidstid til å framsnakke Trivselsskogen, guida tilresande grupper frå andre kommunar i skogen, jobbe i sitt nettverk som omfattar DNT, stutvikling (herunder også styrkingssenter på Vereidel), reiselivsaktørar og andre, er ein del av jobben hans. Næringsjefen er og ansvarleg for reiseliv og turistsatsing i Gloppe kommune. Det er ikkje tilfeldig at serien «Loveg» har filmascener i Trivselsskogen.

Som privatperson har Knut Roger Nesdal i fridila si vore ein kapasitet i det frivillelege arbeidet i skogen. Nesten kvar laurdag dei siste åra har han jobba dugnad. For ikkje å snakke om alle ettermiddagar, kveldar og ferier han har stått på i time etter time. Og der med eit pågangsnøt, ein optimisme og energi som mange av oss misunner han, og som andre burde lære av. Nils Øveraa, nyleg avtroppa generalsekretær i DNT, sa på opninga av TIN-campen at han aldri har hatt so mykje positiv energi inne på kontoret sitt som då Gloppe sin næringssjef var der. Vi skjønner veldig godt kva han meiner. Totalt

er det jobba 6000 dugnadstimer i Trivselsskogen sidan 2016. 6000 timerverk! Det hadde ikkje gått utan ein ukueleg optimist som dugnadsansvarleg.

På grunn av næringssjefen sitt engasjement trur mange at det er Gloppe Kommune som bygger Trivselsskogen og finansierer alt som skjer der. Dette er heilt feil. Styret i Trivselsskogen arbeider kontinuerleg med finansiering. Tippemidlar fra fylket, støtte frå diverse stiftningar og andelskap til private og bedrifter utgjer mesteparten av intekta på ca 6 mill kr. Gloppe Kommune har bidreg med totalt kr 250.000 i støtte frå næringssfondet tilbake i 2015. Det utgjør mindre enn 5 % av den totale finansieringa. Trivselsskogen har bidreg tilbake i kommunekassa med å betale for grave/grøftearbeid utfert av utsætta ved uteskjonen i Gloppe kommune, samt over 20.000 kr i byggesaksgebyr for trapp og TIN-camp. I tillegg kjem nokre hundre dugnadstinar då dagsturhytta skulle på plass. Hytta på Draumekvila er det nemleg kommunen som eig - dei har fått den i gave av Sparebankstiftinga og fylkeskommunen.

Vi ynskjer å setje fokus på alt det spennande som skjer i kommunen vår, og framsnakke prosjekt, tiltak og engasjement som bidreg til trivelser og positivitet. Vi må heile på kvarandre. Det er slik vi får gode ting til å skje. For oss i Trivselsskogen er Knut Roger Nesdal først og fremst ei eldsjel og ein motor i dugnadsarbeidet. Han er ikkje næringssjef for Trivselsskogen. Vi kan takke han for eit positivt samarbeid, alle gode idear og kreative innspel. Og vi er sikre på at andre positive tiltak vil bli møtt med like stort engasjement. Men det er vel ikkje slik at han alcine skal kome opp med alle ideane.

Med helsing
Styret i Trivselsskogen
Gunnar Nygård, Christine Augård
Midthjell, Sigmund Ommedal, Sjur
Atle Austrheim, Hans Lothe og
Roger Aa Djupvik

Forskingsspørsmål



VESTLANDSFORSKING

1. Korleis kan kommunen og brukarane sjølve stimulere til at ulike former for bruk av utmark fungerer side om side?

1.1 Korleis er den lokale brukstradisjonen og kva for endringar i aktivitetsstruktur går føre seg?

1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar bruksituasjonen, handlingsval og politikken?

1.3 I kva grad er eit felles kunnskapsgrunnlag utvikla?


1.4 Kva for tiltak stimulerer til fleirbruk i utmark?

1.5 Kva verknad har tiltaka for attraktiviteten til området?

Metode og datainnsamling

Hours of the day


2017-07-07 to 2018-05-12
Hourly averages



VESTLANDSFORSKING

Framgangsmåte

- **Val av casestudiar:** Avgrensa av geografi, tid og handlingsmønster
- **Kartlegging av aktivitetsstruktur i caseområda:**
 - Skriftlege kjelder: Kommunale planar, kommunal sakshandsaming, kommunale referat, medieoppslag i lokalavisa, masterplan for terrengsykling.
 - Elektronisk teljing: Trivselsskogen (2017-2019) og Tystadstølen (2017)
 - Intervju med nøkkelinformantar i kommune og interessegrupper (2016 og 2018)
 - Spørjeundersøking om bruk av Trivselsskogen (2017)



Framgangsmåte

- Testing av tiltak i caseområda
 - Tiltak utforma og gjennomført i samarbeid med brukarane sjølve
 - Måling av effekt vha elektroniske teljarar, intervju og spørjeskjemaundersøking
- Analyse basert på Mixed Method (Crewell & Clark, 2007):
 - Ulike data som støtter opp under funn
 - Ulike type data supplerer kvarandre for å kome fram til ein større heilskap (t.d. forklaring til ein deskriptiv endring)
 - Ulike type data som evt. motseier kvarandre



Resultat



VESTLANDSFORSKING

1.1 Korleis er den lokale brukstradisjonen og kva for endringar i aktivitetsstruktur går føre seg?

- Turområda har tradisjonelt vore lite tilrettelagt.
- Det har vore ein betydeleg auke i tilrettelegginga sidan 2015.
- Ferdsla har tradisjonelt vore turgåing, gjerne til fjells.
- Det har vore ein betydeleg auke i stisykling generelt (kjelde: nøkkelinformantar) og turgåing i skog/nærrområdet til Sandane spesielt sidan 2015 (kjelde: teljingar og spørjeundersøking).
- Talet på tilreisande stisyklistar og turgåarar har vore aukande i prosjektperioden (kjelde: nøkkelinformantar).
- 71% av respondentane busett i Sandane kom seg oftare ut på tur i 2017 pga Trivselsskogen (kjelde: spørjeundersøking)
- Det er sidan 2015 lagt ned betydeleg dugnadsinnsats for tilrettelegging av stisykling, turstimerking og utvikling av Trivselsskogen.

1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Rammer for felles ordningar

- Dei aktuelle områda låg som LNF-område i eksisterande arealplan for Gloppen kommune 2008-2020 (Ny under revidering).
- Frå kommuneplanen 2008-2020:
 - «Sikre og tilrettelegge attraktive friluftslivsområde for folk flest, slik at desse ikkje vert "privatisert".»
 - «Sikre tilgangen til naturen for folk flest ved å hevde allemannsretten.»
- Frå kommuneplanen 2018-2030:
 - «Utvikle nye samarbeidsformer og idear når det gjeld tilrettelegging av naturen, slik at merkte turstiar, stisykkkel- og skiløyper, vegar og parkeringsplassar vil gjøre det lett å kome seg på tur i Gloppen òg i framtida.»

1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Rammer for felles ordningar (fortsetting)

- Frå kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet:
 - Både stisykkelsenteret på Vereide, sykkelstien på Tystadstølen og Trivselsskogen er nemt som positive eksempel på tiltak. Stisykkelsenteret og Trivselsskogen skal vidareutviklast.
 - Stisykkelsenteret på Vereide ligg inn i Masterplan for terrengsykling i Gloppen.



1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Felles ordningar for bruk av Trivselsskogen

- Det er frivillige grunneigaravtaler i Trivselsskogen
- Trivselsskogen er etablert som eit SA og er ikkje kommunalt
- Andelskjøparar i Trivselsskogen har blitt synleggjort på Trivselsskogen SA sin heimeside
- Trivselsskogen SA er svært aktive på facebook om progresjonen i arbeidet
- Trivselsskogen SA har sterkt fokus på gjennomføring og mindre fokus på byråkratiske prosessar og tilrettelegging «etter boka»
- Gloppen kommune står ikkje som eigar av Trivselsskogen
- Tiltaka i Trivselsskogen er finansiert på følgjande måte (estimat): Private andelskjøparar 10%, Næringsandelar 10%, Abonnementsordning 10%, Kommunen 10%, Organisasjonar og stiftelsar 10%, Spelemedlar 40%, Dugnad 10%. Totalt om lag 8 millionar.

1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Individuelle handlingar og haldningar om bruk av Trivelsskogen

- Det er betydeleg auka ferdsel i Trivelsskogen (kjelde: spørjeundersøking) og mange interessegrupper er representert (kjelde: nøkkelinformant)
- Dugnadsinnsatsen i Trivelsskogen er betydeleg (over 4000 timer) og tiltaket er godt omtykt av brukarane (kjelde: nøkkelinformant, saksdokument, sosiale media, spørjeundersøking)
- Det er kjøpt over 750 andeler (750 000 kr) i Trivelsskogen SA (kjelde: kommunalt saksdokument).
- Næringslivet har kjøpt abonnementsordning for over 700 000 kr for å få på plass utsiktsrampe ved Holvikfossen, dvs 3500 kr i 5 år (kjelde: sosiale media)
- «Dobbeltrolla» til næringssjefen i Trivelsskogen blir kritisert av nokre (kjelde: nøkkelinformantar)
- Medan entusiastane meiner Trivelsskogen vil bidra til næringsutvikling meiner nokre kritikarar at det ikkje vil gjere det (kjelde: nøkkelinformantar, medieoppslag).

1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Felles ordningar for bruk av Nordfjord Stisenter på Vereide

- Gloppen kommune står som eigar av Nordfjord Stisenter på Vereide.
- Det er utarbeida grunneigaravtale med årleg betaling.
- Det er skrive samarbeidsavtale mellom Gloppen kommune og Nordfjord Folkehøgskule der mykje ansvar for utvikling, drift og vedlikehald av stisykkelsenteret ligg hjå folkehøgskulen.
- Kommunen deltok og avklarte mogeleg konfliktsituasjon med tilgrensande grunneigarar og jegerar til stisykkelsenteret i oppstartsfasen.
- Stisykkelsenteret er finansiert på følgjande måte (estimat): Spelemidlar 50%, Dugnad 30%, Mva kompensasjon 15% og gåver 5%.

1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Felles ordningar for bruk av Tystadstølen/Haugsvarden

- Sykkelstien ved Tystadstølen kom på plass i dialog med grunneigarar som konfliktdempande tiltak utført av Nordfjord Grovsyklarlaug.
- Nordfjord Grovsyklarlaug er eigar av sykkelløypa på Tystadstølen
- Tiltaket er finansiert med 100% dugnadsinnsats.



1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Individuelle handlingar og haldningar om bruk av Nordfjord Stisenter og Tystadstølen/Haugsvarden

- Det er fleire stisyklistar på Tystadstølen (kjelde: nøkkelinformantar) og minst 2/3 brukar etablert sykkelsti (kjelde: teljingar)
- Dugnadsinnsatsen til Nordfjord Grovsyklarlaug endra karakter i prosjektpersonalen. Dei gjekk frå svært aktive og synlege til mindre aktive og usynlege, med «hemmelege» dugnadsprosjekt i område med positive grunneigarar (kjelde: nøkkelinformant)
- Det er lokal motstand mot stisykling som reiselivsprodukt både blant stisyklistar, grunneigarar og jegerar (kjelde: nøkkelinformantar)



1.2 Kva for handlingar og andre endringar påverkar brukssituasjonen, handlingsval og politikken?

Individuelle handlingar og haldningar om bruk av Nordfjord Stisenter og Tystadstølen/Haugsvarden

- Det er lokal motstand mot stisykling ved Tystadstølen og stisykkelsenteret på Vereide hjå nokre grunneigarar og jegerar (kjelde: nøkkelinformantar, media, kommunale saksdokument)
- Folkehøgskulen har teke ein aktiv rolle i utviklinga av stisykkelsenteret på Vereide (kjelde: nøkkelinformant, kommunale saksdokument, media)
- Nordfjord Grovsyklarlaug var aktiv på facebook om forebyggande tiltak og stietikette fram til 2017. Dei endra strategi etter dette mellom anna for å ikkje bli assosiert med uønska reiselivssatsing.




1.3 I kva grad er eit felles kunnskapsgrunnlag utvikla?

- Felles forståing om at Trivselkogen skapar positiv fysisk og sosial aktivitet på Sandane
- Felles forståing (også hjå kritikarar) at sykkelstien rundt Tystadstølen har redusert talet på syklistar i stølsområdet
- Felles forståing (også hjå kritikarar) at stisykkelsenteret på Vereide vert realisert, i første omgang steg 1 av 2.
- Felles forståing om at det ligg fleire ulmane konfliktar om utmarksbruken enn det som kom fram ved prosjektoppstart.
- Ikkje felles forståing om at Trivselkogen er eit næringsutviklingstiltak
- Ikkje felles forståing om næringssjefen sin rolle i Trivselsskogen SA
- Ikkje felles forståing om at stisykling er eit reiselivstiltak

1.4 Kva for tiltak stimulerer til fleir bruk i utmark?

- Frivillige grunneigaravtalar reduserer konfliktpotensialet
- Kanalisering av sykkelferdsel kan redusere konfliktpotensialet
- Andelslag som Trivselsskogen kan skape breitt eigarskap og dugnadsvilje
- Tung utvikling bør skje i områder utan andre brukarinteresser
- Tung utvikling bør vere forankra i kommunale planar og strategiar
- Samarbeid mellom fleire aktørar (kommune, grunneigar, brukarinteresser, næringsliv) er stimulerande for fleir bruk
- Næringsatsingar må avklarast og forankrast frå starten hjå brukarinteresser og kommune
- Mellomromsspelarar som har god dialog med fleire leire er avgjerande for fleir bruk



1.5 Kva verknad har tiltaka for attraktiviteten til området?

- Frivillige grunneigaravtaler er fundamentet for utviklingstiltak som skal auke utøving av aktivitet og attraktivitet. Det reduserer konfliktpotensial med grunneigarar og andre brukarinteresser betrakteleg.
- Kanalisering/segmentering av ferdsel kan styrke både allemannsretten og grunneigarrettar, og såleis virke konfliktdempende.
- Samvirkeforetak kan vere ein sterk drivkraft for dugnadsvilje og auka attraktivitet i eit område.
- Tung utvikling i område med lite grunneigarinteresser og andre brukarinteresser kan auke utøvinga av allemannsretten i dette området.
- Tiltak som styrkar lågterskeltilbodet for allmenta i nærtuområder aukar attraktivitet og dugnadsvilje
- Brei og djup dugnadsinnsats påverkar grunneigar sin motivasjon for tilrettelegging positivt

1. Korleis kan kommunen og brukarane sjølve stimulere til at ulike former for bruk av utmark fungerer side om side?

- Frivillig avtale med grunneigarar i område utan sterke grunneigarinteresser var det viktigaste verkemiddelet for fleirbruk i Gloppen
- Samvirkeføretak førte til auka dialog, samarbeid og engasjement blant ulike brukarinteresser
- Kanalisering av ferdsel gjer at brukarinteresser kan fungere ved sida av kvarandre og ikkje oppå kvarandre (det er skilnad på fleirbruk i utmark og fleirbruk på ein sti)
- Ubalansert eller uavklart deltaking frå kommunen kan vere konfliktskapande i seg sjølv. Balansen må forankrast i planar og sikrast gjennom aktiv dialog og samkøyring mellom kommune og brukarinteresser.
- Reiselivsinteresser i utmarka bør avklare spelerommet sitt med kommune, grunneigar og andre brukarinteresser i forkant av iverksetting.

Kva anna kan andre kommunar lære frå arbeidet i Gloppen?

- Mellomromsspelarar er essensielle for utviklinga.
- Grunneigarar er ulike og må handterast ulikt.
- Næringsinteresser må avklare spelerommet sitt tidleg i utviklingsfasen.
- Tydlege rolleavklaringar kan hindre at konfliktar blussar opp.
- Avklaringar kring bruk av betente utmarksområde bør forankrast og kommuniserast kommunalt.
- Tung utvikling krev brei kommunal involvering på tvers av sektorar i administrasjonen.
- Utmarka tilbyr ofte alternativ som er mindre konfliktkapande.



KLIMA OG MILJØ



REISELIV



Internasjonal
nasjonal og lokal
Sogndal
Campus Fosshaugane



85%
oppdragsfinansiert
Omsetning omlag 30 millionar



30+
medarbeidarar
25 forskarårsverk
Halvparten med doktorgrad.

Innovasjon • Velferdsteknologi • Digitalisering • Semantiske teknologiar
• Stordata • Berekraftig reiseliv • Lokal verdiskaping • Klimaomstilling
Ny teknologi • Energi • Transport • Miljøvenleg næringsliv